

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesvalstyret</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen 3.etg. Fylkeshuset, Bergen
<b>Dato:</b>	27.08.2015
<b>Tid:</b>	11:00

Torill Selsvold Nyborg har meldt forfall – Pål Kårbø er innkalla.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkesvalstyret. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Tom-Charister Nilsen  
utvalsløiar



## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 6/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 7/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
RS 3/15	Møteprotokoll 19.05.2015 for fylkesvalstyret	2014/17092	
PS 8/15	Oppnemning av arbeidsutval til kontrollteljing	2014/17092	
PS 9/15	Ymse		

PS 6/15 Godkjenning av møteinnkalling

PS 7/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

**Utval:** Fylkesvalstyret  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen  
**Dato:** 19.05.2015  
**Tidspunkt:** 13:00 – 13:10

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Sveinung Valle	Medlem	A
Astrid F. Selsvold	Medlem	A
Nils-Olav Nøss	Medlem	A
Marte Malones	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Silje Hjemdal	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Tom-Christer Nilsen	Leiar	H
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	FL SP/MDG
Aud Karin Oen	Medlem	FL SV/R
Mona Haugland Hellesnes	Nestleiar	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Birthe Eriksen	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Stein Inge Ryssdal	Birthe Eriksen	H

**Merknader**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sigrid Helene Aardal	seniorrådgjevar

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/15	Godkjenning av møtebok frå 19.06.2014 og 30.10.2014	2014/17092	
PS 3/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 1/15	Fylkestingsvalet 2015 – behandling av søknadar om fritak	2015/4256	
RS 2/15	Fylkestingsvalet 2015 - behandling av søknadar om fritak 13.05.2015	2015/4256	
PS 4/15	Fylkestingsvalet 2015 - godkjenning av listar	2014/17092	
PS 5/15	Ymse		

## **PS 1/15 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i Fylkesvalstyret - 19.05.2015**

### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent

## **PS 2/15 Godkjenning av møtebok frå 19.06.2014 og 30.10.2014**

### **Forslag til vedtak**

Møtebøkene frå fylkesutvalet 15.10.2013 og 31.10.2013 vert godkjende.

**Saksprotokoll i Fylkesvalstyret - 19.05.2015**

### **Vedtak**

Møtebøkene frå fylkesvalstyret 15.10.2014 og 31.10.2014 vert godkjende.

## **PS 3/15 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Fylkesvalstyret - 19.05.2015**

**RS 1/15 Fylkestingsvalet 2015 – behandling av søknadar om fritak**

**RS 2/15 Fylkestingsvalet 2015 - behandling av søknadar om fritak 13.05.2015**

## **PS 4/15 Fylkestingsvalet 2015 - godkjenning av listar**

**Saksprotokoll i Fylkesvalstyret - 19.05.2015**

### **Vedtak**

Følgjande innkomne listeforslag vert godkjende som offisielle vallister ved fylkestingsvalet 2015 i Hordaland med desse overskriftene:

Arbeiderpartiet  
Demokratene i Norge  
Feministisk Initiativ  
Fremskrittspartiet  
Høyre  
Kristelig Folkeparti  
Kystpartiet  
Miljøpartiet De Grønne  
Partiet De Kristne  
Piratpartiet  
Pensjonistpartiet  
Raudt  
Senterpartiet  
Sosialistisk Venstreparti  
Venstre

### **PS 5/15 Ymse**

**Saksprotokoll i Fylkesvalstyret - 19.05.2015**





Arkivnr: 2014/17092-14  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesvalstyret	8/15	27.08.2015

### Oppnemning av arbeidsutval til kontrollteljing

#### Samandrag

Etter vallova skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet og m.a. kontrolltelja røystesetlane frå alle kommunane i fylket. For at ikkje arbeidsmengda skal bli for stor for fylkesvalstyret, blir det i saka foreslått å nemna opp arbeidsutval som kan stå for kontrollen som blir fordelt over fleire dagar og i nært samarbeid med Bergen kommune.

Forslag til medlemmer til arbeidsutvala er sette opp. Dersom det er naudsynt for nokon å endra på den dagen ein er foreslått sett opp må ei eventuell endring ordnast mellom medlemene og partigruppene. Eventuelle endringar må vera klare før handsaming av saka i møte.

Tilbakemelding om endringar må meldast til sekretæren for fylkesvalstyret (tlf. 55 23 92 81 eller e-post: [ingeborg.borgen.takle@hfk.no](mailto:ingeborg.borgen.takle@hfk.no)) innan måndag 25. august.

#### Forslag til vedtak

1. Arbeidsutvala får fullmakt til å førebu fylkesvalstyret sin kontroll med gjennomføringa av fylkestingsvalet 2015 og i samband med det ta avgjerd i enkeltsaker og type av saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidde.
2. Fylkesvalstyret nemner opp følgjande arbeidsutval i samband med kontroll av gjennomføringa av fylkestingsvalet 2015:

##### a) Arbeidsutval onsdag 16.09.2015

Medlemer:

1. Marte Malones (A)
2. Terje Søviknes (FRP)
3. Tom-Christer Nilsen (H)
4. Benthe Bondhus (SP)
5. Mona Haugland Hellesnes (V)

##### b) Arbeidsutval torsdag 17.09.2015

Medlemer:

1. Sveinung Valle (A)
2. Silje Hjemdal (FRP)
3. Mona Røssvik Strømme (H)
4. Astrid F. Selsvoll (A)

5. Birthe Eriksen (H)

c) Arbeidsutval fredag 18.09.015/ evt. laurdag 19.09.2015

Medlemer:

1. Aud Karin Oen (SV)
  2. Sigbjørn Framnes (FRP)
  3. Inge Reidar Kallevåg (H)
  4. Torill Selsvoll Nyborg (KRF)
  5. Nils-Olav Nøss (A)
3. Fylkesrådmannen delegerast mynde til å ta avgjerder ved prøving av røystesetlar i alle saker som er kurante. Fylkesrådmannen kan delegere mynde vidare.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 22.07.2015

Valdagen er 14. september. Etter vallova § 10-9 skal fylkesvalstyret kontrollere gjennomføringa av fylkestingsvalet på grunnlag av det materiellet som blir sendt over frå kommunane. Dersom fylkesvalstyret finn feil ved valstyra sine avgjerder om å godkjenne eller vraka røystegjevingar eller røystesettlar, eller feil i oppteljinga, skal feila rettast.

Kommunelova § 10-4 opnar for at det kan opprettast arbeidsutval som kan få tildelt avgjerdsmynde. Regelen lyder:

*”Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.”*

Arbeidsutval som nemnd over bør få fullmakt til å førebu kontrollen med gjennomføringa av fylkestingsvalet, og å ta stilling til enkeltsaker og spørsmål som kjem opp i samband med kontrollen. Eit notat om fylkesvalstyret sin kontroll og opplysningar om praktiske forhold knytt til dette vil vera sendt fylkevalstyret sine medlemmer nærare valdagen.

Fylkeskommunen har inngått eit samarbeid med Bergen kommune bl.a. når det gjeld oppteljing av røystesettlar. Dette har vore slik for alle vala sidan valet i 2003. Tidlegare har Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune og samarbeida når det gjeld sjølve valsysteemet som vart nytta. Ved stortingsvalet i 2013 vart dette endra i og med at det er utarbeidd eit sentralt valsysteem , EVA frå Kommunal- og regionaldepartementet som vert nytta for kontroll og valoppgjjer.

Røystesettlane vert talde maskinelt (skanna) og overført valsysteemet EVA som ivaretek opplysningane og registrer det som er naudsynt for å føreta eit valoppgjjer. Systemet registrerer endringane på listene. Det vil seia at det blir registrert kor mange personrøyster den enkelte får og nummerrekkefølga av kandidatane. Når det gjeld praktisk gjennomføring av kontrollteljinga vert den tekniske tenesta vedrørande bruk av maskiner/system/personale gjennomført i samarbeid med Bergen kommune, men slik at det skjer under fylkesvalstyret sitt oppsyn.

Etter vallova skal kommunane telja røystesettlane 2 gonger, først ei grovteljing (som i større kommunar skjer hos stemmestyra) og ei finteljing (endelig teljing), deretter skal fylkesvalstyret kontrolltelja fylkestingsvalet frå alle kommunane.

Kontrollteljinga og gjennomgangen av møtebøkene frå valstyra må skje når valoppgjjeret er kome inn frå kommunane. Dette reknar vi med å få inn onsdag føremiddag. Alle røystesettlane frå kommunane skal teljast på nytt av fylkesvalstyret. Dette vil då skje onsdag, torsdag og fredag. I og med at valsysteemet framleis er nytt er det vanskeleg å anslå kor lang tid denne teljinga (skanninga) /kontrollen vil ta. Valstyra sine møtebøker frå kommunane må og kontrollerast.

Når kontrollteljing er ferdig kan valoppgjjeret ta til. Erfaring viser at dette kan ta noko tid, og det er difor i møteplanen lagt opp til at fylkesvalstyret onsdag 23. september føretek endeleg valoppgjjer. Administrasjonen vil då ha tid på seg til å få alle resultat og merknader/forklaringar inn i møteboka. Kontroll og teljing vil gå føre seg i Bergen rådhus.

Opplegget som skissert over føreset at fylkesvalstyret kan vera til stades i Bergen rådhus når møtebøkene frå valstyra skal gjennomgåast og røystesettlane teljast. Det bør rasjonaliserast slik at ikkje heile fylkesvalstyret blir bunde opp over fleire dagar. Det er difor lagt opp til å dela fylkesvalstyret i tre arbeidsutval slik at det i utgangspunktet er fem medlemmer til stades under teljingane. Minimum må det vera tre kvar dag. Dette for at ein skal vera vedtaksfør.

Medlemene i det enkelte arbeidsutvala må vera tilstades i Bergen rådhus den dagen dei er sett opp. Dersom det er naudsynt for nokon å endra på den dagen ein er foreslått sett opp, må ei eventuell endring

ordnast mellom medlemene og partigruppene sjølve, slik at endringane er klare før handsaming av saka tek til.

Tilbakemelding om endringar må meldast til sekretæren for fylkesvalstyret (tlf. 55 23 91 27 eller e-post: ingeborg.borgen.takle@hfk.no ) innan måndag 25. august.

Det er fylkesvalstyret som skal godkjenne forkasta røystesetlar og røystegjevingar, på lik line med resten av valoppgjeret. Systemet som departementet har teke i bruk er i år lagt opp slik at dei forkasta røystesetlane må godkjennast før valoppgjeret kan produserast. Samtidig er det ikkje moglegheit for å gjere endringar på dei forkasta røystesetlane etter at dei er godkjent. Dette er ei endring frå tidlegare år.

Røystesetlar vert føreslått forkasta jmf. vallova § 10-3 dersom dei:

- Ikkje har offentleg stempel
- Det ikkje er klart kva val røystesetelen gjeld
- Det ikkje er klart kva parti eller gruppe veljaren har stemt på
- Partiet eller gruppa ikkje stillar liste i fylket.

Vilkåra er kumulative, det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylte for at røystesetelen kan godkjennast. Vedlagt saka er retningsliner som er under utvikling for å sjå til at vilkåra over vert heldt og at ein ikkje føreslår å forkaste røystesetlar som skal godkjennast. Retningslinene vert utarbeida i samarbeid med Bergen kommune og ved fylkestinget skal verifiserarane sjå bort i frå punkt 5 Felt for ekstra personstemmer («slengere») da dette ikkje gjeld fylkestingsvalet.

Ei oversikt over dei forkasta røystesetlane for kvar kommune kjem fram i valoppgjeret som fylkesvalstyret skal godkjenne. Dei forkasta røystesetlane vert fordelt på kva vilkår som ikkje var oppfylt jamfør med valloven § 10-3.

Prøving av dei forkasta røystesetlane bør gjerast fortløpande for å få ein effektiv prosess og sjå til at valoppgjeret vert klart så snart som mogleg. For å unngå at valoppgjeret vert utsett vert det anbefala at fylkesrådmannen får delegert mynde til å ta avgjerder ved prøving av røystesetlar i alle saker som er kurante og at fylkesrådmannen kan delegere mynde vidare. Det vil seie alle saker som er klart innanfor dei fire vilkåra over. Dette har vore praksis ved tidlegare val. Erfaring visar at det er få røystesetlar der ein avgjerd ikkje kan takast på bakgrunn av dette.

Kommuneloven § 23-4 gir «*kommunalt folkevalgt organ mulighet til å gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis kommunestyret ikke har bestemt annet.*» Kommuneloven opererer med omgrepa «*enkeltsaker og saker som ikke er av prinsipiell betydning*». Avgjerder i desse typar saker kan delegerast til administrasjonen. Dette omfattar saker som vert prega av lite skjønn, og er avgrensa til røystesetlar som kan godkjennast eller openbart forkastast jamfør vallova § 10-3. Avgjerder som ikkje er kurante skal leggest føre arbeidsutvalet til handsaming.

## Rutiner for verifisering:

### 1. Stempel

Stemmesedler som har hele eller deler av stempel innenfor den hvite firkanten på seddelens bakside, godkjennes. Det er tilstrekkelig med litt av stempelet innenfor ruten. Hvis verifiserer er usikker på om det er stempel eller annet innenfor ruten, må seddel letes frem.

Dersom stempel kan ses i skjermbildet (selv om det er stemplet utenfor det hvite feltet), godkjennes stemmeseddelen.

### 2. Feltet for seddelnummer som identifiserer parti

Dersom dette feltet ikke kan leses maskinelt, må parti registreres manuelt i verifiseringsprosessen.

### 3. Feltet for seddel-ID (seddelens løpenummer)

Det er lovlig å ta med kopi av en stemmeseddel. Ved verifisering av duplikat/kopier, må det kontrolleres om duplikatet avviker fra «originalen», f.eks. ved at stempelet er annerledes plassert eller det er stemt på annet parti. Ved avvik skal stemmeseddelen godkjennes. Dette gjelder også for generelle stemmesedler.

Dersom en seddel ved en feil er skannet 2 ganger, kommer den til verifisering. Dersom duplikatet er helt identisk med stemmeseddelen, skal duplikatet forkastes.

### 4. Feltet for avkryssing for personstemmer

Alle dekningsgrader av dette feltet skal oppfattes som kryss/personstemme. Dersom det ser ut som om velger har prøvd å stryke ut et kryss, skal dette likevel tolkes som personstemme med mindre andre kryss på seddelen gir klart uttrykk for at det som er strøket over ikke skal gjelde.

### 5. Feltet for ekstra personstemmer («slengere»)

- Personstemmer til personer som ikke finnes på godkjent liste i Bergen/Hordaland, skal forkastes.
- Dersom det ikke er entydig hvilken person stemmen er ment for, skal personstemmen forkastes.

- I tvilstilfeller vurderes om flere personer har lignende navn. Er det f.eks. påført etternavn og parti og det kun er en person på aktuell partiliste med dette etternavnet, godkjennes personstemmen.

## 6. Generell stemmeseddel (forhåndsstemmingen)

- Dersom det ikke er krysset av for parti på seddelen, skal det oppfattes som at velgeren ønsker å stemme blankt.
- På den generelle stemmeseddelen er det mulig å skrive inn et partinavn. Hvis dette partiet stiller liste i Bergen/Hordaland godkjennes stemmeseddelen. Hvis partiet ikke stiller liste må den forkastes.
- Dersom velgeren har benyttet en generell stemmeseddel og har krysset av for et parti som ikke stiller liste i Bergen/Hordaland, skal stemmen forkastes.
- Dersom det er krysset av for flere partier skal stemmeseddelen forkastes.

## 7. Blank stemmeseddel og blankt ark

Alle blanke stemmesedler og ark går til verifisering fordi operatøren må kontrollere om velgeren har påført et partinavn.

- Alle stemmesedler som er påført parti som stiller liste i Bergen/Hordaland, registreres på parti.
- Stemmesedler som ikke er påført parti registreres som blanke.
- Stemmer i form av ark kan kun godkjennes dersom det er entydig hvilket valg (kommunestyre eller fylkesting) stemmen gjelder for.

PS 9/15 Ymse